

**MELAND KOMMUNE**

Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

Vedlegg 5

Vestlandske Takst & Tilst.rapp  
Breivikstølen 20

5179 GODVIK

Dykkar ref.  
Vår ref.

Reidun Iden Lædre

Journalp.ID 11/2600  
ArkivsakID 2011000070  
Arkiv nr. GBNR-38/2, N-511

Dato 21.02.2011

**GODKJENNING - LEGGING AV PRIVAT VASSLEIDNING - GNR 38 BNR 2 M/ FLEIRE.**

Saka er behandla etter delegert mynde frå kommunestyret.

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Delegasjonsvedtak Komm.avd. for natur, næring, tekn.tenester	21.02.2011	RIL	080/11

**Dokumentliste:**

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	04.01.2011	Vestlandske Takst & Tilst.rapp	SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK LEGGING AV PRIVAT VASSLEIDNING - GNR 38 BNR 2 M/ FLEIRE.
2	U	06.01.2011	Vestlandske Takst & Tilst.rapp	FØREBELS SVAR PÅ SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK PÅ GNR 38 BNR 2.
4	I	07.02.2011	Vestlandske Takst & Tilstandsrapport	VS: SØKNAD OM ANSVARSRETT OG LOKAL GODKJENNING.
5	U	21.02.2011	Vestlandske Takst & Tilst.rapp	GODKJENNING - LEGGING AV PRIVAT VASSLEIDNING - GNR 38 BNR 2 M/ FLEIRE.

**Eigedom:** 38 / 2 / m.fl. /**Byggjeplass:** Ådland**Tiltakshavar:** Olav Skår**Ansvarleg søkjar:** Vestlandske Takst & Tilst.rapp**Planstatus:** LNF**Adresse**  
Postboks 79  
5906 Frekhaug  
Besøksadr. Havnevegen 41 A  
postmottak@meland.kommune.no**Telefon:** 56 17 10 00**Telefaks:** 56 17 10 01  
avd. 56 17 11 61**Bankkonto:** 1503.18.83722**Heimeside:** www.meland.kommune.no  
**Kartinformasjon:** www.nordhordlandskart.no

S. 1 av 4

**Søknad om:            Legging av privat vassleidning**

**Saksutgreiing:**

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20-1, stempla motteke 06.01.2011 i Meland kommune. Søknaden gjeld bygging av vassleidningsgrøft og legging av ein privat fellesvassleidning på gnr. 38 bnr. 2 m.fl. på Ådland.

**Vurdering:**

Planstatus:

Eigedomen ligg i kommuneplanen sin arealdel som LNF-område. Administrasjonen har vurdert tiltaket og meiner at det i denne saka ikkje er naudsynt med dispensasjonshandsaming.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 07.09.2010. Det er ikkje kome merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt å gjennomføre ytterlegare varsling i saka. Nabovarsling vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Plassering av tiltaket m.m.

Grøftetraceen for tiltaket er vist på situasjonskart stempla motteke 06.01.2011.

Det ligg føre skriftlege erklæringar om rett til å leggja vassleidningen på annan manns grunn, frå grunneigarar som vert råka av tiltaket.

Administrasjonen har ingen merknad til søknaden.

**VEDTAK**

”Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-1 løyve til bygging av vassleidningsgrøft og legging av vassleidning på gnr. 38 bnr. 2 m.fl, i samsvar med søknad stempla motteke 06.01.2011 og 07.02.2011.

Det vert vist til vedlagte kart med innteikna trace, stempla motteke 06.01.2011.

Godkjenning av ansvarsrettar:

<b>Føretak</b>	<b>Godkjenningsområde</b>
Vestlandske Takst & Tilstandsrapport Org.nr. 976809335 Lokal godkjenning	SØK Tiltaksklasse 1 Ansvarleg søkjar for heile tiltaket.
Egil Gripsgård Org.nr. 970054758 Lokal godkjenning	PRO/KPR/UTF/KUT Tiltaksklasse 1 Prosjektering av grøftetrace. Graving og planering av vassleidningsgrøft.
Rør og Varmesystemer Agnar Træet Org.nr. 976521404 Lokal godkjenning	PRO/KPR/UTF/KUT Tiltaksklasse 1 Prosjektering vassleidning og kummer. Utførande vassleidning og kummer

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 29-1.

S204.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.”


*Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 27, jf vedlagte skjema.*

Kommunalavdeling for natur, næring og tekniske tenester

Anny Bastesen  
kommunalsjef

Reidun Iden Lædre  
Konsulent

**Kopi til:**  
Olav Skår



Karttype: Gullkart  
DET MÅNTENES SLAVVSKJILLER TIL M  
MED UTLØP TIL Sjø  
VANV LEDNINGER TIL KOBLES I EKSSIST  
VANV KUM.

Bygn. Skedsmo  
13-2-2012  
Som Bygger  
• NY TRASE  
24/11-14  
MNS

**SKARSWAG**  
Rør og Interiør as  
Tlf 56 17 07 10 - www.skarswag.no  
Postboks 114 - 5906 Frekhaug  
Besøksadr. Holme - 5918 Frekhaug